

## Vedlegg nr 2 – SMIL-søknad

### Utgreiing:

Me har per i dag 4 innmarksbeite som me vekslar mellom frå april til oktober. I tillegg beitar vi bøen før og etter slått. Det eit av desse beita er leigd område på gnr 26 bnr 1 – som grensar til området me søker om gjerdemidlar til. Dette beite på 26/1 er gjerda med straumgjerde, og sauene pressar på det og går seg ofte fast mot område som me ønskjer fastgjerde på. Dette fordi det veks friskt her både med gras, småbusker og kratt som dei er svært glade i.

Me ser at det fort kan gro til i området som no er opna etter uttak av skog. Delar av dette er også under kraftlinje der BKK har rydda, og der veks det også fort opp att. Me tenkjer at dersom sauene kan gå her vil det etter ei tid halda seg fint, og det vil vera eit greitt tilskot til innmarksbeita våre. Det vil også vera skogkledd område som dei kan søkja tilflukt i ved mykje regn.

Me har tidlegare søkt om og fått tilskot til inngjerding av område 26/127. Dette har me gått frå då det vil verta store endringar i samband med utviding av vegen. Øvrige innmarksbeite vil også verta påverka av vegutbygginga, så me tenkjer at det også i den samanhengen er viktig å få gjerda inn nye områder for sauene, slik at me ikkje kjem i beit nå vegarbeidet byrjar.

Me ønskjer å starta på gjerdearbeidet denne vinteren for å ha noko av området klart til våren/sommaren 2018.

Det vil også vera trøng for noko skogrydding (lauvskog) i området – arbeid med dette er ikkje lagt inn i søknaden.

Eg har lagt inn 3 grinder. Ei i tilknytning til innslepp på beiteområdet (kjøyregrind). 2 i området øvst. Der går tursti, så det må vera ei ordning slik at folk kan koma inn og ut av området på trygg måte. Dersom dette ikkje let seg gjera, vil vi halda turstien utanom gjerdeområdet.

Der det er teke ut skog vil me søkja om å få området omgjort til beitemark. Der det ikkje er teke ut skog, tenkjer me at beiting ikkje vil vera i konflikt med seinare uttak.